

Referat frå elevrådsmøte 14.04.2026

Desse møtte: Joris og Frida frå 2.årssteg, Mathias, Tuva frå 3. årssteg, Lotte, Tyr Viljar frå 4.årssteg, Maylinn, Malin frå 5.årssteg, Matas, Anders frå 6.årssteg, Liam frå 7.årssteg, rektor Linda.

Leiar og referent: Linda Selheim

Gjennomgang av referat frå førre møte

Dei fleste representantane hadde fått gjennomgått referat og førebudd seg til møtet. Det er svært viktig at elevrådsarbeid blir prioritert framover, og vi er glade for at dette ser ut til å betra seg.

Helsefremmande skule

Planen til skulen om tilrådingar for kosthald hadde blitt gjennomgått på dei fleste årsstega.

Elevane si uttale om smarttelefonfri barndom

Elevane hadde drøfta FAU-sitt vedtak på årsstega. Det var mange meiningar og elevane såg både fordeler og ulemper:

Fordelar med å ikkje ha smarttelefon:

- Mister ikkje tida: tida går for fort når ein scollar på t.d. Tik Toc
- Unngår mobbing og utestenging på sosiale medium
- Unngår krangling med foreldra om mobilen
- Lettare å sovne om kvelden, og lettare å stå opp
- Ikkje redd for å bli hengt ut på nettet

Ulemper med å ikkje ha smarttelefon:

- Kan ikkje chatte med venner frå andre land
- Kan ikkje spele med venner frå andre land på mobilen

Snill e kult

Elevrådet gjekk gjennom Snill e kult-avtala som elevane skal skrive under på og henge opp i klasseromma. Elevrådet stiller seg bak avtala og kjem til å ha Snill e kult-stunts gjennom skuleåret.

Kåring av teikningar til 17.mai

Elevrådet skal kåre vinnarar til heftet i år som tidlegare år. Elevrådet har fått stadfesta at 17.mai-komiteen sponsar tre vinnarar med premiar.

Bemanning i hjartesona/hjelpesona

Elevrådsrepresentantane på mellomsteget har fått kvar sin dag til å bemanne hjelpesona. Det er berre representantane frå 5.årssteg som ynskjer å fortsetje med det. Elevrådet bestemmer at andre elevar på mellomsteget skal få sjansen til å prøve seg. Rektor tek kontakt med lærarane og set opp ein plan.

Saker og førebuing til neste møte:

- Referat frå førre møte må gjennomgåast!
- Elevane kan kome med innspel til neste skuleår: Kva er det som skjer på skulen som er bra og som dei vil vi skal fortsetje med? Kva bør vi endre på, og kvifor?

